

- KUNNGJERING -

Søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Håvikvatnet i Bjørnafjorden kommune

NVE har motteke søknad frå AS Bolaks om løyve til regulering og uttak av vatn frå Håvikvatnet i Bjørnafjorden kommune. Vatnet skal brukast til produksjon av stamfisk. Søknaden vert behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på NVE sine internettsider www.nve.no/9228/V fram til høyringsfristen går ut. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Samuel Anderson på tlf. 45 68 95 21 eller e-post: samuel@bolaks.no.

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale 202108530» i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er innan **23.2.2024**.